

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
612.3	Erik Myrum	11.12.20	40/20

REVIDERING AV SAMARBEIDSAVTALE OM ELG-, HJORT-, RÅDYR- OG SMÅVILTTJAKT I NORDHERAD FELLESOMRÅDE – NY BEHANDLING

Saksdokument:

1. Gjeldande samarbeidsavtale.
2. Sak 15/20 i fjellstyret med saksdokument.
3. Brev fra Halvor Dalen, Rolf Grev, Torstein Brun og Ketil Gutubø av 11.05.20 til fjellstyret.
4. Brev fra fjellstyret av 13.05.20 til Nordherad grunneigarlag og Nordherad bygdealmenninng.

Saksutgreiing:

Nordherad bygdealmenninng, Nordherad grunneigarlag og fjellstyret inngjekk i 2001 eit samarbeid om felles utnytting av elg-, hjort-, rådyr- og småviltjakt i eit Nordherad fellesområde. Avtala vart sist revidert i 2010. På møte 17. april i år vedtok fjellstyret å slutte seg til revidert samarbeidsavtale (i sak 15/20). Det var ingen prinsipielle endringar i den reviderte avtala, men det vart nokre presiseringar i pkt. 1 og 2 om «Elg- og hjortejakt», m.a. definisjon av «grunneigar», og rullering av elg- og hjortejakta. I pkt. 3 om «Rådyrjakta» er dette med grunneigarkort og innanbygdskort vorte betre presisert. For småviltjakta (pkt. 4) får fjellstyret fullmakt til å innføre dagskvote for rypejakt, dersom bestandsforhold og andre forhold tilseier det. Dessutan er det foreslått ein liten auke i prisen på sesongkort for småviltjakt. Det reviderte forslaget var med bakgrunn i eit møte mellom dei tre samarbeidspartane. Generelt er alle tre partane godt tilfredse med samarbeidet, og at avtala må bli vidareført med dei mindre endringane som er foreslått.

Etter at fjellstyret hadde behandla saka og før grunneigarlaget og bygdealmenninng hadde behandla forslag til revidert avtale på sine årsmøte, mottok fjellstyret eit brev fra Halvor Dalen, Rolf Grev, Torstein Brun og Ketil Gutubø, som hadde diverse merknader til fjellstyret sitt vedtak. Forslag og merknader dei kom med førte til at fjellstyret ville ta saka opp til ny behandling. Fjellstyret tilrådde difor dei to andre samarbeidspartane om å utsette behandlinga av revidert avtale. I brevet frå dei fire står det m.a. følgjande:

Nordherad statsallmenning blir forvalta av Vågå fjellstyre og har ifølgje fjellstyret hatt eit samarbeid med Nordherad bygdeallmenning (BA)/ grunneigarlaget (GL) sidan 2001.

Hvordan var jakta i Nordherad statsallmenning før denne samarbeidsavtala? Det at Nordherad statsallmenning i dag har samarbeid med Nordherad GL/BA, utesengjer andre frå å søkje på jakt i dette allmenningsfeltet.

Etter det oss har skjønt så var det eit felt saman med Nordherad GL/BA fram til 2016. Frå jakta 2016 så vart feltet delt i to og eine feltet hadde da berre hjortejakt. Det feltet er omtrent det same som tilsvarar Nordherad statsallmenning. Det har i dei seinare åra vore to lag som har jakta i den delen av feltet. I og med at dette feltet har vore delt i fire år, så er det ingen ting som tilseier at dette feltet skal vera prioritert personar med bruksrett i Nordherad BA eller i Nordherad GL. I og med at det er så store kvoter så det det ingen grunn for at dette

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

*feltet skal være prioritert folk med bruksrett i Nordherad BA/ GL som det står i avtalen.
Allmenningen skal i utgangspunktet vera open for alle. Det bør vera tilgjengeleg for at alle innanbygds i Vågå kan søke på det.*

Fjellstyret har i siste periode i Langmorkje delt eit par felt i to periodar, for at fleire lag skal få jakt. Når det da blir delt opp felt slik at fleire lag skal få moglegheit til å jakte, så burde det vera same praksis i andre allmenningsfelt. Fjellstyret kan opne for at det er søkbart for alle, sjølv om dei vil ha eit samarbeid med Nordherad GL/BA. Siterer også frå fjellstyret si heimeside:

«Dei viktigaste oppgåvene for fjellstyret er å administrere bruken og utnytting av statsallmenning for dei med bruksrett og allmenta».

Da skal vel fjellstyret prøve å tilrettelegge slik at det i allmenningen skal vera mogleg for alle innanbygds å søke storviltjakt. I Lom så vart Vårdalen statsallmenning nord for Otta elv delt av som sjølvstendig felt etter mange års samarbeid med Lia grunneigarlag. Med bakgrunn i Lom fjellstyre si behandling om frådeling av Vårdalen statsallmenning til eige jaktfelt, ber vi om at Vågå fjellstyre imøtekjem ynskje om deling, slik at Nordherad statsallmenning blir eige jaktfelt.

Ser øg i møtebok frå Vågå fjellstyre, møtedato 17.04.20, sak 15/20 at ny avtale er revidert av bygdeallmenningen v/Ivar Myrum, grunneigarlaget v/Erling Raastad og fjellstyret v/leder og dagleg leder. Her burde styret vurdere eigen habilitet i saka.

Avtala som vart inngått i 2001 omfattar altså felles utnytting av elg-, hjort-, rådyr- og småviltjakt i Nordherad fellesområde. Samarbeid mellom dei tre partane om elg- og hjortejakta vart inngått allereie i 1991. Før det hadde fjellstyret eit samarbeid med Lom fjellstyre om felles jaktområde i Nordherad og Vårdalen statsallmenningar (frå 1984). Etter § 27 i fjellova kan fjellstyret gjera vedtak om at statsallmenning eller del av statsallmenning skal vera med i eit større jaktområde, når dette er føremålstenleg av omsyn til den jaktmessige utnyttinga av allmenningen.

I Nordherad fellesområde har elg- og hjortejakta vore sett bort til eitt og same jaktag fram til 2016. Med bakgrunn i aukande hjortebestand og store kvoter på hjort, vart området delt i to felt frå 2016, dvs. eit «hovedfelt» (som berre ligg på privat grunn) med elg- og hjortejakt (treårsavtaler som før), og eit felt med berre hjortejakt der det meste av arealet ligg i Nordherad statsallmenning. Her vart det opna for to jaktag som da jakta på hjort, med bruk av eittårsavtaler og rullering slik at lag med jakt eit år blir stilt bak i «køen» neste år. Ordninga med to reine hjortejaktag i tillegg (og grense mellom felta) var fjellstyret kjent med, og støtta opp om, m.a. fordi det ville føre til at fleire får tilgang til jakt. Grunneigarlaget som har ansvaret for administreringa av elg-, hjorte- og rådyrjakta har oppfordra/sett krav om at jaktlaga må samarbeide om felles bruk av jaktfelta, spesielt utsida seinhausten når grunnkvotar er fylt eller bortimot fylt, og når det eventuelt oppstår større konsentrasjonar av hjort i eitt delområde.

Utvikling i kvoter og felte dyr har endra seg mykje over tid, spesielt for hjort. I perioden 2001-2010 vart det felt 1-3 elgar og 0-3 hjortar årleg. I 2011 vart det felt 3 elgar og 6 hjortar, og i 2012 4 elgar og 10 hjortar. I perioden 2013 – 2019 er det felt 1-5 elgar og 12-14 hjortar årleg. Dei to hjortejaktaga har hatt grunnkvote på 3 hjortar kvar, medan elg- og hjortejaktlaget har sidan 2016 hatt grunnkvote på 2-3 elgar og 7-8 hjortar.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrrene.no

Vurdering:

Det er slik at private grunneigarar/jaktrettshavarar har høve til å setje andre vilkår for kven som kan få jakte på deira grunn enn eit fjellstyre, som er bunde av fjellova med tilhøyrande forskrifter. Når det vert inngått avtale om bortleige av allmenningsgrunn, vil det sjølvsagt vera ei plikt for fjellstyret å sjå til at dei allmenne jaktrettane vert tilgodesett, så godt dette let seg gjera. Og for å få til ei avtale, kan det likevel vera nødvendig og måtte «fire» på dei allmennrettslege krava, dersom alternativet totalt sett er å få til eit dårlegare tilbod til allmenta.

Samarbeidet i Nordherad fellesområde har fungert svært godt, både når det gjeld utnytting av storviltjakta og småviltjakta, og fordeling av ansvar. Dette er ei «totalpakke» som alle dei tre samarbeidspartane er tent med, og som jegerane også må vera tilfredse med pga. eitt felles jaktområde for småviltjakt og rådyrjakt, og for elg- og hjortejakt fram til 2016, og etter det oppdelt i to jaktfelt. Vi har også inntrykk av at bruk av to hjortejaktlag i tillegg har fungert godt, det same med grense mellom felta. Det vil vera eit attendesteg for tilbodet om jakt i dette området dersom fjellstyret skulle bryte avtala. Og skulle fjellstyret seie opp avtala berre for hjortejakta, så kan fort samarbeidet om småviltjakta, elgjakta og rådyrjakta også bli «sett på prøve» og ende opp med «brot». Det må vi for all del unnga.

Dei fire som kom med merknader til fjellstyret sitt førre vedtak, har likevel eit poeng i forhold til dei prinsipielle sidene knytt til sakta, spesielt ang. det reine hjortejaktfeltet, som hovudsakleg skjer på statsallmenning. Det stemmer nok ikkje det dei skriv at andre enn lag som ikkje har med grunneigar i laget er utestengd frå å søkje. Alle lag kan søkje, men det er slik at lag med minimum ein grunneigar har fortrinn. Fram til nå har det hovudsakleg vore lag med minimum ein grunneigar som har søkt, og som dermed da har vore med i trekninga om jakt. Dei allmenne jegerinteressene har vore godt representert i både elg- og hjortejaktlaget i mange år og i dei reine hjortejaktlaga frå 2016 fordi innanbygds og til dels utanbygds jegerar som ikkje er grunneigar eller har bruksrett i Nordherad har vore i fleirtal i laga.

Men pga. dei allmenne rettane til jakt i statsallmenning, og at ein nå har eigne jaktag for hjortejakt som går føre seg hovudsakleg på statsallmenning, så bør ordninga med prioritering av lag med grunneigarrepresentasjon i tildelinga av denne hjortejakta bli vurdert. Ei løysing eller ein kan kalle det eit «kompromiss», som alle partar bør vera tilfredse med, er at ein fråvik prioritering av lag representert med grunneigar for eitt av dei to hjortejaktlaga. Og skulle det ein gong i framtida bli aktuelt med berre eitt slikt hjortejaktag, t.d. pga. lågare hjortebestand, så bør alle innanbygds lag stillast likt uavhengig av grunneigarrepresentasjon. Og blir det aktuelt å gå attende på bruk av berre eitt lag for heile fellesområdet, så er det naturleg at lag med grunneigar blir prioritert slik som det har vore semje om.

Det bør elles nemnast at dersom fjellstyret skulle bryte samarbeidet om hjortejakta, noko ein får håpe ikkje skjer, så vil ikkje fjellstyret automatisk få tildelt 6 hjortar slik dei to hjortejaktlaga har samla i dag. Tildeling av dyr frå valdet (Skaihø viltområde) skjer hovudsakleg etter teljande areal, spesielt i område med nokså lik tettheit av hjort. Nordherad fellesområde får ei samla kvote frå valdet og grunneigarlaget fordeler desse internt på dei tre laga. Det teljande arealet for elg-, hjort- og rådyrjakt er fordelt slik i Nordherad fellesområde: Nordherad grunneigarlag 17.800 dekar, Nordherad bygdeallmenning 4.700 dekar og Nordherad statsallmenning 5.400 dekar. Med ei kvote på 15 hjortar som kvota for Nordherad fellesområde er for i år, vil fjellstyret kunne få tildelt 2-3 dyr (og ev. ein elg). I Skaihø

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

viltområde er minstearealet for hjort 1.500 dekar, og for elg 5.000 dekar.

Sidan det i denne saka er reist spørsmål og kome merknader frå enkeltjegerar i bygda som gjeld dei allmenne jegerinteressene i eit slikt samarbeid mellom fjellstyret og private jaktrettshavarar, så bør saka og forslag frå fjellstyret bli sendt til Vågå JFF for eventuelle merknader før det bli gjort endeleg vedtak. Eit endeleg vedtak blir deretter sendt til Nordherad grunneigarlag og Nordherad bygdeallmenning for behandling i sine organ.

Innstilling til vedtak:

Fjellstyret viser til vedtak i sak 15/20 og sluttar seg i hovudsak til forslag til revidert samarbeidsavtale om elg-, hjort-, rådyr- og småviltjakt i Nordherad fellesområde. Fjellstyret vil understreke at ein generelt er godt tilfreds med samarbeidet om denne avtala og praktiseringa av denne, og håpar at alle dei tre partane fortsatt vil samarbeide om felles forvaltning av jakta i Nordherad.

Fjellstyret viser til saksutgreiinga ang. tildeling av hjortejakt sidan 2016, da fellesområdet vart delt i to felt, og med opning for hjortejakt til to jaktlag i vestre del av fellesområdet, som hovudsakleg skjer i Nordherad statsallmenning. Sidan fjellstyret har ei plikt til å ivareta dei allmenne jaktrettane i eit slikt samarbeid, og når ein vesentleg del av totalkvota på hjort blir jakta på og tatt ut på statsallmenningsgrunn, foreslår fjellstyret at ein fråvik prioritering av lag representert med grunneigar for eitt av dei to jaktlaga. Og skulle det ein gong i framtida bli aktuelt med berre eitt slikt lag, t.d. av bestandsmessige forhold, og med same jaktfeltgrenser som i dag, så meiner fjellstyret at alle innanbygds lag må stillast likt i tildeling, uavhengig av grunneigarrepresentasjon.

Før fjellstyret gjer endeleg vedtak, blir saka sendt til Vågå JFF for eventuelle merknader. Dersom Vågå JFF ikkje har vesentlege merknader til revidert avtale og forslag frå fjellstyret ang. tildeling av elg-/hjortjakt, så blir dette vedtaket ståande og oversendt til Nordherad grunneigarlag og Nordherad bygdeallmenning for behandling i sine organ.

Vedtak: Samrøystes: Som innstillinga.

Før behandlinga av saka stilte Pål Grev spørsmål om sin habilitet fordi han var grunneigar innanfor Nordherad fellesområde. Fjellstyret vedtok samrøystes at han var habil i behandling av saka.

Knut Øyjordet stilte også spørsmål om sin habilitet til å vera saksbehandlar i saka, fordi han er medlem i eit jaktlag som har nå har elg- og hjortjakta i området, i eit lag med grunneigarrepresentasjon. Fjellstyret vedtok samrøystes at han var inhabil i saka, både av omsyn til Øyjordet sjølv og fordi det kan svekke tilliten til fjellstyret sitt endelege vedtak at han er saksbehandlar. Erik Myrum trer difor inn som saksbehandlar for Øyjordet.

Rett utskrift. Går til:

Vågå JFF v/Bjørn André Lusæter
Halvor Dalen, Rolf Grev, Torstein Brun og Ketil Gutubø

Kopi til:

Nordherad grunneigarlag v/Erling Raastad
Nordherad bygdeallmenning v/Ivar Myrum

Vågåmo, 11.12.20
Erik Myrum (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no